



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets presidentskap  
Ekspedisjonskontoret  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/5800-86

25. september 2023

## **Meld. St. 28 (2022-2023) Gode bysamfunn med små skilnader - rettebrev**

Eg viser til Meld. St. 28 (2022-2023) *Gode bysamfunn med små skilnader*, som i tråd med kongeleg resolusjon av 11. august 2023 er sendt Stortinget. I ettertid har departementet oppdaga to feil og ein mangel i meldinga som eg vil rette opp.

Den eine feilen er i siste avsnitt under punkt 5.5.4 på side 109 i meldinga, der det står: «Regjeringa har etablert ei nasjonal tilskotsordning for tiltak mot rasisme, diskriminering og hatefulle ytringar.» Det var ikkje den noverande regjering som etablerte denne tilskotsordninga. I staden burde formuleringa ha vore: «I 2021 blei det etablert ei nasjonal tilskotsordning for tiltak mot rasisme, diskriminering og hatefulle ytringar.»

Den andre feilen er i omtalen av områdesatsingane i Oslo i boks 6.1 på side 116. Der går det fram at tidsperioden for områdesatsingane i Oslo er «2018-2026». Den riktige tidsperioden er «2017-2026».

Vidare er det ein mangel i boks 6.1 på side 116 som eg gjerne også vil rette opp. Oversikta her er i utgangspunktet over avtalebaserte samarbeid mellom stat og kommune om områdesatsingar. Men ettersom eit områdeløft i Trondheim med tilskot frå Husbanken men utan avtale med staten, er omtalt, har Bergen kommune meldt frå om at tilsvarande områdeløft/områdetiltak i Bergen burde ha vore omtalt.

Dette inneber at følgjande omtale burde ha vore inkludert i oversikta over områdesatsingar i boks 6.1 i meldinga:

*«I Årstad bydel, indre Laksevåg og Ytre Arna i Bergen (2011-2023) har Bergen kommune fått midlar frå Husbanken til ulike områdetiltak og områdeløft. I Årstad bydel er det mellom anna områdeløft i Solheim og på Slettebakken.»*

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik